HJELMELAND KOMMUNE

Statens Vegvesen v/Bjørn Åmdal

Dykkar ref..	Vår ref.	Arkivkode:	Dato:
	14/695-24/14/17873	K1 - 143	22.12.2014

OVERSENDING - FASTSETT PLANPROGRAM KOMMUNEDELPLAN RV13, MELKERÅNA-ÅRDAL

Kommunestyret har i møte den 17.12.14 i sak 81/14 fastsett «**Planprogram for Kommunedelplan RV 13 – Rassikring Melkeråna – Årdal».** Vedtaket var som følgjer:

*«Hjelmeland kommune fastset med heimel i pbl §§ 4-1 og 11-13 Statens Vegvesen sitt forslag til «**Planprogram for RV13, Rassikring Melkeråna-Årdal**» datert 08.09.14 med følgjande presiseringar:*

1.Det blir utgreidd ulike trasèvariantar av Alternativ 2 både for tunneltrasè/påhogg og dagsone, men alle variantar skal ha det til felles at de endar på RV13 vest for Årdalstunet, ca ved dagens kryss RV13 Ryfylkevegen og Svadbergvegen.

2. For Alternativ 2 skal òg kryss i tunell med tilhøyrande tilkomstveg til Målandsdalen utgreiiast, herunder rasfare for gjenværande trafikk i dagsone her.

3. Alternativ 3 skal ikkje underleggjast full konsekvensutgreiing, men jf avklaringmøte m/Fylkesmannen skal det gjerast ei nærare vurdering av trafikale konsekvensar, landbruk, kulturminne og naturmiljø av dette alternativ enn hittil gjort.

4. Planavgrensinga for kommunedelplanen er for vid ift planformålet som er riksvegtrasè. Kan difor snevrast inn i aust og søraust; inn til eksisterande RV13, ev snevre inn til Storånå i aust. Valheimsområdet bør ikkje vere med; der det er ønskje om eigen kommunedelplan knytt til masseuttak. Avgrensinga er for vid ut i Årdalsfjorden/opp i Melslia òg .

5. Kommunen ber om å verta halden oppdatert/orientert om planarbeidet i perioden fram til høyringsforslag er klart.

Vedlagd følgjer saksframlegg sak 84/14 med vedtak.

Med helsing
Plan og forvaltning

Gbada, Svanhild Hjorteland
rådgjevar arealplan

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Postadr.: Vågen, 4130 Hjelmeland
Besøksadr
Sentralbord: 51 75 70 00
Direktenr. 40439127
Telefaks: 51 75 70 70
E-post: postmottak@hjelmeland.kommune.no
Bankgiro: 3207.07.00750
Org.nr. 864979092

Vedlegg:
FASTSETTING AV PLANPROGRAM - RV 13, KOMMUNEDELPLAN RASSIKRING MELKERÅNA-ÅRDAL